

Til naboar, gjenbuarar,
rettshavarar og offentleg mynde

OSE AS
Vikeøyane 7, 6150 Ørsta
Tlf 70 04 52 20
firmapost@oseing.no

Vår ref.: P2225 Ålesund 16.03.2026

oseing.no

Detaljplan Næringsfabrikken, gbnr. 27/3 mfl. – varsel om oppstart av planarbeid – Sykkylven kommune

I medhald av plan- og bygningslova §§ 12-1, 12-3 og 12-8 blir det med dette varsla om igangsetjing av privat detaljregulering for del av eigedomen gbnr. 27/3 mfl. i Sykkylven kommune.

Pc Support Eigedom AS er forslagsstillar og OSE AS er plankonsulent for planarbeidet.

Lokalisering

Planområdet ligg på Fauske i Sykkylven kommune, langs Sykkylvsvegen.

Mål med planarbeidet

Målsetjing med planen er å leggje til rette for:

- o Næringsutvikling/service
- o Overnatting/hotell
- o To nye etasjar for delar av eksisterande bygningsmasse
- o Kai/flytebryggje for persontrafikk
- o Tilkomst langs sjø/samanhengande turveg
- o Avklare naturfare

Planområdet

Planområdet består av eigedomane gbnr. 2/1, 3; 3/1, 3, 8, 9, 10, 27, 57, 60-61, 83, 87, 88, 91; 14/4, 140 og 174 og er på om lag 155 daa. Avgrensinga av planområdet kan bli endra før planen blir lagt ut til offentleg ettersyn.

Planstatus

Overordna plan

I kommunedelplan for Sentrum – Ikornnes 2019 – 2029 (KDP) har framlegg til planområde formål næring, naust, veg, grøntområde, LNF (Landbruk, natur, friluftsområde) og turveg. Delar av området ligg innanfor aktsemdområde for stormflo, flodbølgeoppskyllingssone, flaum, og aktsemdområde for støy.

Regulering

Framlegg til planområdet ligg innanfor 3 ulike reguleringsplanar, i tillegg til ikkje regulert areal. Det meste av planområdet ligg innanfor Reg. Endring for Ullavik- Fauske II,

Hjellegjerde, vedteken 13.04.1988, planid 1988001. Hovudformål er næring, naust, friområde og veg.

I nordvest kjem planområdet så vidt innanfor Reguleringsplan for Aursnes nedre, vedteken 13.11.1975, planid 1975003. Formål innanfor framlegg til plangrense er jordbruk.

I søraust ligg planområdet innanfor Reg. Plan for Ullavik Fauske II, vedteken 07.05.1979, planid 1979002. Formål innanfor framlegg til planområde er naust og friområde.

Dispensasjon/vedtak

Det er ikkje gjeve dispensasjon eller vedtak som legg føringar for regulering.

Konsekvensutgreiing (KU)

Etter § 6b skal reguleringsplanar alltid KU-vurderast etter tiltak i vedlegg I. Arealbruken er avklart i overordna plan og ønska bruk av området er i hovudsak i samsvar med KDP Sentrum – Ikornnes. Det blir ikkje lagt opp til ny bygningsmasse over 15 000 m² BRA, jamfør grense i vedlegg I til KU-forskrifta.

Etter § 8 skal planar KU-utgreiast dersom dei får vesentleg verknad for miljø og samfunn og tiltak i vedlegg II. Jamfør vurdering i planinitiativet vert det vurdert at planlagde tiltak ikkje vil medføre vesentleg verknad for verken miljø eller samfunn, jamfør § 10 i KU forskrifta.

Etter ei samla vurdering blir det vurdert at planarbeidet for detaljplan Næringsfabrikken gbnr. 27/3 mfl. ikkje utløyser krav om planprogram. Eventuelt krav om konsekvensutgreiing blir avgjort før offentleg ettersyn.

Oppstartsmøte med kommunen

Det vart halde oppstartsmøte med kommunen 25.02.2026, med følgjande hovudpunkt:

- Plangrense
- Tiltak i sjø
- Trafikk
- Konsekvensutgreiing
- Forureining

Informasjon og medverknad

Det vil bli sendt varsel om oppstart til naboar og gjenbuarar, kunngjering i lokal avis og på nettet, i samsvar med pbl. § 12-8. For nærare informasjon ta kontakt med OSE, mob. 974 89 987 eller e-post plan@oseing.no. Reguleringsarbeidet blir vurdert til å gje små negative ulemper for naboar. Det blir difor ikkje lagt opp til medverknadsmøte i samband med oppstart av planarbeid. Det vil bli vurdert medverknadsmøte i samband med offentleg ettersyn.

Meir informasjon

Møtereferat frå oppstartsmøtet 25.02.2023, varslingsbrev, planinitiativ og forskjellige kart blir lagt ut på Sykkylven kommune sine heimesider og på OSE sine heimesider under [kunngjeringar](#).

Merknadar til oppstartsmeldinga

Merknadar som har verknad eller interesse for planarbeidet kan sendast:

OSE AS på e-post plan@oseing.no eller

OSE AS
Vikeøyrane 7,
6150 Ørsta

Frist for merknadar vert sett til **21.04.2026**. Merk fråsegn med P2225.

Alle mottekne dokument og merknadar blir sendt kommunen saman med planframlegget.

Vidare sakshandsaming

Etter at meldingsfrista er ute vil plandokumenta bli utarbeidd for deretter å bli sendt kommunen for sakshandsaming. Etter handsaming i kommunen blir plandokumenta lagt ut til offentlig ettersyn. Det vil då bli høve til å kome med merknadar til planframlegget før vidare politisk handsaming og vedtak.

Med helsing



Bjarte F Friisvold
Arealplanleggar
Mob 974 89 987
bjarte@oseing.no

Vedlegg:

DP Næringsfabrikken, gbnr. 27_3 mfl. – plangrense, gråtonekart_10.03.2026
DP Næringsfabrikken, gbnr. 27_3 mfl. – plangrense, flyfoto_10.03.2026
DP Næringsfabrikken, gbnr. 27_3 mfl. – plangrense, komplan_10.03.2026
DP Næringsfabrikken, gbnr. 27_3 mfl. – plangrense, regplan_10.03.2026

Vedlegg også sendt elektronisk:

Referat frå oppstartsmøte 25.02.2026
Planinitiativ
Oversiktskart

Brev sendt elektronisk til:

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal
Møre og Romsdal fylkeskommune
Statens vegvesen
NVE
Mattilsynet
Fiskeridirektoratet
Kystverket
Sykkylven kommune
Sykkylven Energi AS
Straumen nett AS
Attvin AS

Brev:

Torfinn Aamodt	Fauskevegen 121	6230 Sykkylven
Magne O Klokke	Fauskevegen 145	6230 Sykkylven
Finn Aamodt AS	Åsvegen 10	6230 Sykkylven
Kenneth Skinnnes	Einebrauta 8	6222 Ikornnes
Erling Frøysa	Teigane 7	6230 Sykkylven
Grethe Sporsheim	Aursnesvegen 24	6230 Sykkylven
Arild Sporsheim	Aursnesvegen 24	6230 Sykkylven
Oddrun B Eidem	Fauskevegen 131	6230 Sykkylven
Susanne L O Fauske	Fauskevegen 107	6230 Sykkylven
Stein A Fauske	Fauskevegen 107	6230 Sykkylven
Geir E Hjelle	Fauskelia 3	6230 Sykkylven
Elisabeth H Skog	Fauskevegen 78	6230 Sykkylven
Lars M H Skog	Fauskevegen 78	6230 Sykkylven
Bjørn Espe	Fauskevegen 74	6230 Sykkylven
Wenche M A Espe	Fauskevegen 74	6230 Sykkylven
Trude E Roald	Fauskevegen 70	6230 Sykkylven
Kjetil Ellefsen	Fauskevegen 70	6230 Sykkylven
Eli M Abrahamsen	Fauskevegen 56A	6230 Sykkylven
Christian M Melchiorson	Haugsetvegen 302	6230 Sykkylven
Terje Værnes	Ura 70	6230 Sykkylven
Otto H Hjellegjerde	Middelthuns gate 15B	0368 Oslo
Peterson Eiendom Sykkylven AS	Svinesundparken 17	1788 Halden
Arild Melchiorson	Nakkegata 33	6230 Sykkylven
Lars A Hjelseth	Fauskevegen 54	6230 Sykkylven
Tormod Strømmegjerde	Straumsheimvegen 16	6220 Straumgjerde
Ellen Standal	Straumsheimvegen 16	6220 Straumgjerde
Sigurd J A Saure	Aurdalsvegen 95	6230 Sykkylven
Julie-Helen Strømme	Aurdalsvegen 95	6230 Sykkylven
Kai O Roald	Auregarden 2	6230 Sykkylven
Eli J Kulseth v/ Geir Jarnes		
Geir Jarnes	Fjordvegen 22G	6230 Sykkylven
Svein I Nilsen	Sykkylvsvegen 1806	6220 Straumgjerde
Odd Velle	Haugsetvegen 127	6230 Sykkylven
Rønnaug A U Strandabø	Jervstien 30	1788 Horten
Lindis D L Honstad	Haugneset 26	6230 Sykkylven
Tone G Hausvik	Fauskevegen 72	6230 Sykkylven
Rune Hausvik	Fauskevegen 72	6230 Sykkylven